

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Dato: 07.10.2017
Vår ref.: 2016/1518-10
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Detaljreguleringsplan Mjåtveitstø- Offentleg ettersyn og høyring - Meland kommune

Vi viser til brev datert 28.8.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Mjåtveitstø. Hovudføremålet i planen er bustadføremål. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 18.4.2016.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune registrerar at planen ikkje legg opp til å følgje Statens vegvesen si anmodning om å utvide planområdet slik at krysset mot fylkesvegen inngår i planen. Denne utvidinga er for å sikre at passerslomme eller venstresvingfelt vert regulert inn. Dagens kryss er ikkje dimensjonert for å takle auke i trafikken ved vidare utbygging av Mjåtveitstø. Det er difor naudsynt å vurdere ein samla plan for heile det planlagde bustadfeltet før det vert aktuelt med vidare utbygging av området. Kommunen bør vurdere behovet for en rekkefølgjeføresegn som sikrar at krysset vert utbetra før nye bustader i planområder vert ferdigstilt og tatt i bruk.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld samferdsel. Vi ber om at disse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Monika Serafinska, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest